




KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 1 - APRIL 2020

25. ÅRGANG



Alterpartiet i Vike kyrkje

God Påske!

Vi må snakke meir om psykisk helse

I jula fekk vi nok alle eit sjokk då Ari Behn valde å avslutte livet sitt. Livet blei for uuthaldeleg, og han klarte rett og slett ikkje meir. Det er viktig at vi snakkar om det mørke og det vonde, fordi det kan ramme oss alle. Sjølv om ein kallar seg kristen og trur på Gud, så kan det mørke bli som ei tett tåke som gir kjensle av at alt er håplaut.

Dette er ikkje noko nytt – heller ikkje blant dei første kristne. Disippelen Peter ville oppmuntre dei som slit. I 1. Peters brev (4,12) skriv han slik: «Mine kjære! Ver ikkje forundra over den eldprøva de må igjennom, som om det hendte dykk noko uventa.» Han normaliserer på mange måtar det å ha det tøft. Livet er tøft seier Peter, men det betyr ikkje at Gud har forlate deg. Tvert imot. Peter seier at dei som opplever liding i denne verda, som også Jesus sjølv gjorde, skal verkeleg fryde seg den dagen Jesus openberrar sin herlegdom. Han gir den dramatiske reisa ein trygg endestasjon. Eg trur Peter har rett. Jo meir av det vanskelege vi opplever, jo meir kan vi sette pris på det gode som kjem – den dagen Jesus løfter mørket av skuldrene våre. Og det er nettopp det han seier han skal gjere. Når det er sagt, så er det ikkje like lett for oss å tru på det, når alle svingane og bakkene vi støyter på står i vegen for sikta. Når sikta blir fullstendig blokkert, kan vi miste både tru og håp. Alt blir svart. Det er også normalt og noko vi må kunne snakke ærleg om. For somme kan døden verke forlokkande, som eit betre alternativ til eit vanskeleg liv. Når dei lever er det som om ingen bryr seg, eller enda verre – som i Aris tilfelle – dei bryr seg veldig. På feil måte. Mykje stygt blei sagt om Ari då han levde. Når han døde på så tragisk vis, då kom godorda. Han viste seg å vere ein veldig god mann, som såg menneske og som verkeleg satsa og fekk ting til. Nokon kallar han til og med ein nasjonalskatt. Når han faktisk levde, verka det som om det var mest moro å peike på dei stemte s-ane, og kor spesiell han var.

Eg har snakka med sucidale som har vore i gravferd til nokon som tok sjølv-mord. Dei har høyrte all forståinga og alle god-orda, og tenkt: «No mens eg lever er alt berre mørkt og fælt – om eg tar livet mitt vil eg bli hugsa for alle dei gode tinga». Det er nok lett å tenke slik om du er heilt på botnen. Men eg kunne realitetsorientere dei skikkeleg. For det som blir sagt i gravferda er ein ting, men eg snakkar også med familien før og etter. Ofte sit dei att med massiv skuldkjensle og spørsmål som dei ikkje finn svar på – i tillegg til sorga etter å ha mista ein kjær. Slike ting øydelegg ikkje berre eitt liv – det kan

øydelegge fleire. Eg seier ikkje dette for å dømme dei som tar livet sitt. Det er det siste dei treng. Ting har vore vanskeleg nok, om ikkje vi skal komme med lettvinde løysingar i tillegg. Eg seier dette nettopp fordi det finst ingen lettvinde løysingar. Heller ikkje døden. Alt blir ikkje bra sjølv om ein forlèt livet. Iallfall ikkje for dei som sit att.

Men korleis kan det bli så mørkt i nokon sitt liv at sjølv det å ta sitt eige liv blir freistande? Det er nok veldig samansett og ulikt frå person til person. Men det ligg jo noko i vegen for oss, noko som verkar som eit uoverstigeleg og uuthaldeleg hinder. Noko vi ikkje klarer å sjå at vi skal komme oss over. For nokon er det sorg, for nokon kan det være angst, for andre kan det være seksuelle overgrep, sjukdom – eller mobbing. Somme opplever å ikkje bli godtatt for den dei er, fordi dei har ei anna legning eller berre ikkje er like A4 som alle andre. Til slutt kan dei begynne å tru på det som blir sagt, at dei er feilvare og mindre verdt enn andre. Det er trist når nokon oppfører seg slik at dei får andre menneske til å føle skam over den dei er.

Ting begynner ofte med eit traume vi opplever, noko som riv ubarmhjertig inn i livet vårt utan forvarsel. Psykisk sjukdom handlar ikkje om at du er svak – men kanskje om at du har vore sterk litt for lenge – aleine. Når vi står overfor noko som vi trur vi ikkje kan takle, då blir vi stressa. Det er sjølve *definisjonen* på stress. Og har vi slitt lenge nok med noko vi ikkje finn ei løysing på, og som plagar oss fælt, då kan håpløysa komme. Då kan mørket overta alt. Vi kan føle at vi berre eksisterer, ikkje at vi lever. Det er eit grusom tilvære å vere i. Då kan andres råd høyrast ut som lettvinde løysingar, og ein får kjensla av at ingen forstår – sånn eigentleg.

Men nokon der ute forstår – tru meg. Og best av alt – dei som har opplevd noko liknande sjølv, som har jobba seg gjennom og som vil bruke erfaringa si til å hjelpe andre. Når ein jobbar med traumar, så må ein finne hendinga/perioden kor ting begynte. Ofte er det noko vi ikkje finn ut av sjølv, og så bygger det berre på seg og tar meir og meir plass i livet vårt. Vi treng hjelp til å sortere. Når det gjeld seksuelle overgrep til dømes – så set det spor djupt inn i sjela. Det påverkar sjølv-tillit, sjølv-bilde, kroppen – mykje! Og dei eg har snakka med som har opplevd slikt – dei føler jo at det er ei umogleg hindring – fordi det har overteke så mykje av både kjensleliv og kropp. Men vi veit iallfall kva som utløyste mørket. Vi har avslørt det, og veit kva vi har å kjempe mot. Og vi veit også



at veldig mange, som i utgangspunktet trudde dei aldri skulle klare det, har kjempa den kampen før – og vunne. Dei går iblant oss på gata. Ekte krigarar. Men det krev mykje! Igjen, det finst ingen lettvinte løysingar.

Det startar med å være ærleg med seg sjølv. Nokon flyktar inn i rus og andre ting, for å gløyme det vonde. Når noko skal nedkjempast, så må vi slutte å flykte. Vi må sjå fienden inn i auga, bite tennene saman og slåst. Slåst for livet om du vil. Når vi skal løyse opp i traumar, så handlar det i grunnen om å snakke så detaljert og grundig om det vonde – at det til slutt blir ufarleg og mistar makta. Så må ein begynne å rette opp att det som blei knust – bit for bit. Sjølvtiliten, kroppen, rutinane. Det er hardt tidkrevjande, og det kan bli verre før det blir betre – men med hjelp så er det absolutt mogleg.

Så var det det da - hjelp. Dottera til Ari, Maud Angelika, sa i sin minnetale i gravferda at det alltid er hjelp å få. Nokon reagerte litt på det, fordi dei ikkje har opplevd at hjelpa var der når dei trong ho som mest. Ein kølapp kor du har time om et halvt år, er ikkje mykje til trøst når krisa er her og no – og du lurar på korleis du skal komme deg gjennom neste dag. Eg trur Gud vandrar med oss, alltid. Sjølv om eg også har begynt å lure av og til. Vi må ikkje bli vettskremte av litt tvil iblant. Det viser berre at vi ikkje er fundamentalistar! Men eg trur også at Gud jobbar hardt gjennom andre menneske. Dei første kristne såg det slik. Dei såg kva Jesus gjorde, og var fast bestemt på at dei skulle gå ut og gjere det same. Å ta vare på dei svake og utstøytte var veldig i fokus for Jesus, så då blei det også det for dei første kristne. Dei som andre hadde avskrive og gitt opp, dei skulle no inkluderast og takast vare på. Så enkelt og så vanskeleg.

Det er ei lekse til oss alle - å sjå etter om nokon rundt oss slit. Vi må tørre å stille vanskelege spørsmål. Om du trur nokon står i fare for å bli oppslukt av mørket, på en slik måte at dei

vil ta sitt eige liv – så ta fatt i det. Ofte er vi redde for å stille slike spørsmål. Kanskje er vi redde for å sette dei på tanken, eller kanskje er vi redde for svaret. Uansett, snakk med dei om det. Det vil sleppe lufta ut av ballongen og trekke dei ut av einsemda. Du set dei ikkje på tanken. Enten så er dei langt inne i den tanken frå før, og opplever å endeleg få snakke om det. Eller så gjer du dei merksame på at nokon bryr seg, så mykje at dei er villige til å sjekke ut «worst case scenario». Ingen har tatt livet sitt fordi dei har blitt sett og tatt på alvor. Hjelp andre til å få hjelp – ver eit vikarierende håp. Ei lita øy i havet når det stormar. Klarer du det, så går du direkte i Jesu fotspor.

John Sylte, preike på Gudsteneste med Trøkk i Vestnes kyrkje.



Utsnitt av glassmosaikk i Vike kyrkje.

Eivind Schiøtt har vald seg salmen Påskemorgen slukker sorgen

Salmen er ein av våre aller kjæraste påskesalmar, og han er full av jubel og glede over Jesu oppstode.

Eivind hadde ei mor som var pianistinne, og han hugsar godt at ho spela den kvar påskemorgon, og at då var det sol.

Han seier at salmen betyr so mykje fordi han handlar om nettopp heile påskeevangeliet.

Vi har difor med alle 9 versa.

Salmen er skriven av Nikolai Fredrik Severin Grundtvig, ein dansk prest og salmeforfattar som levde frå 1783 til 1872. Grundtvig har i alt skrive ikkje mindre enn rundt 1500 salmar.


Det gjer han til ein av dei største og mest brukte salmedikt-

arane vi har. Forklaringa på at salmen er blitt så populær i

Norge, er også truleg Lindemanns melodi.

Melodien har gjort at salmen har fått vingar å fly med, og den

understrekar nettopp påskemorgonens jublande budskap.



*Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.*

*Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder, himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry.*

*Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i paradiset.
Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.*

*Englehære budskap bære,
budskap bære med lovsang ny;
Veien de tage frem og tilbake
frem og tilbake til grav, til sky.
Englehære budskap bære,
budskap bære med lovsang ny.*



*Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold!
Nå ligger graven midt i gudshaven,
midt i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold.*

*Englesete, engleglede,
engleglede i jordens skjød!
Lyet og leet under livstreet,
under livstreet gjør hvilen søt.
Englesete, engleglede,
engleglede i jordens skjød!*

*Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.
Om enn bedrøvet smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.*

*Morgenstunden gull i munnen,
gull i munnen har enn til oss,
fra vår forsoner livets gullkroner,
livets gullkroner, vår død til tross.
Morgenstunden gull i munnen,
gull i munnen har enn til oss.*

*Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder, Herren vi møter,
Herren vi møter med lovsang ny.
Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.*

Takk til Anders

Anders Barstad har vore tilsett som sokneprest i Tresfjord og Vike sidan august 2018. No skal han diverre forlate oss, for å tre inn i ei nyoppretta prestestilling i Spjelkavik. Vi har forståing for at han skiftar arbeidsstad. Han har pendla til Vestnes frå Spjelkavik, der han bur med to tenåringsgutar som han er aleinefar til.

Anders er opprinneleg utdanna innan økonomi, og arbeidde i mange år innan det fagfeltet, før han tok fatt på prestestudiet. Han vart ordinert til prest etter at han begynte i stillinga i Vestnes. Anders var difor nokså ny i denne rolla, men vi synest han har utført prestetenesta på ein stødig og god måte. Sokneråda i Tresfjord og Vike takkar for godt samarbeid, og ønsker lykke til med jobben i Spjelkavik.



Ny sokneprest i Tresfjord og Vike sokn

Ellen Schjøtt er tilsett og tek til som sokneprest i Tresfjord og Vike sokn til sommaren.

Ho tek over etter Anders Barstad, som byrjar i ny jobb i Spjelkavik sokn.

Vi ønskjer Ellen velkomen heim til Vestnes, og lukke til med prestegjeringa.

Ellen er snart ferdig utdanna teolog, og skal ha fem veker stiftspraksis i Vestnes i vår.

Kong Christian IVs draum frå 1676

Den dansk-norske kongen Christian IV (konge frå 1588–1648) hadde mange tunge periodar i livet, og han hadde fleire 'visjonar' eller draumar. Under ein av dei såg han dette som er framstilt på måleriet. Måleriet, som heng på nordveggen fremst i kyrkjerommet i Vestnes-kyrkja, skal vere frå omlag 1676.

Motivet er henta frå Matteus kapittel 12, vers 20:

Han skal ikkje knuse eit knekt siv, og ikkje sløkkje ein rykande veik, før han har ført retten fram til siger

Måleriet vart funne på kyrkjeloftet då det skulle ryddast der for å reparere kyrkja etter nyttårsorkanen i 1992. Måleriet var i dårleg stand. Hilmar Aas, som då var kyrkjetenar, laga ein trekasse til å frakte det i, og det vart teke til konservator Bjørn Kaland i Bergen. «Då Bjørn Kaland og eg opna kassa og han såg måleriet, kom tårane

hos han, dette var stort å få lov å restaurere!»

Kaland la først på eit lag med bi-voks på baksida, denne trengjer gjennom lerretet og bind og mjuknar målinga.

Deretter la han på eit nytt lerret bak som forsterkning. Då dette var ferdig, reinsa han måleriet, retusjerte og la til slutt på eit lag med ferniss.

Lars Sigmund Kleive



Altertavla og nattverdens mysterium

I kyrkjene våre er det tre gjenstandar som etter tradisjonen er særleg viktige - altaret, døypefonten og preikestolen. Døypefonten og preikestolen har sine greitt definerte funksjonar i ei gudsteneste. Altaret er Herrens bord, her får vi brød og vin - Kristi lekam og blod - men kva har vore funksjonen til altertavla, anna enn å vere fager å sjå på og minne oss om hendingar frå Bibelen? Utan å gje eit fullt svar på dette, vil eg her berre nemne noko som ein gong var viktig, men som er kome bort i nyare tid.

Ser vi på altertavlene i Vestnes-kyrkjene, så er dei ulike. I Tresfjord-kyrkja har altertavla frå 1826-28 tre etasjar, slik altertavlene på 1500- og 1600-talet ofte hadde. Kvar etasje hadde sitt bestemte motiv. I første etasje på desse tre-delte altertavlene er ei nattverdgruppe. Vi kan sjå mange slike altertavler i samlingane på Folkemuseet i Oslo. Nokre gonger er nattverdgruppa måla. Oftare er ho utskoren som i Tresfjord-kyrkja, slik at den så å seie kjem ut mot oss i kyrkjerommet. Etasjen over nattverden syner typisk eit bilete med krossfesting og liding. Øvst oppe, i tredje etasje, ser vi så anten Jesu oppstode og himmelfart eller eit dåpsbilete. Altertavla frå 1716 i Fiksdal kyrkje har to av desse elementa, men manglar nattverd-gruppa nedst (har den ein gong vore der og er bortkomen?). Vestnes kyrkje si altertavle frå

om lag 1640 har eitt bilete, dei tre vismennene som tilber Jesubarnet, med krusifiks framanfor. Vike kyrkje har ein stor kross på den kvite murveggen bak altarbordet, og er utan altertavle i tradisjonell forstand.

Men kva med det funksjonelle med altertavlene? Jau, slik som mellom andre kunsthistorikaren Gunnar Danbolt fortel, var nattverdgruppa nedst, på 'innsida' av altarbordet, som er Herrens bord, ein gong svært viktig i liturgien. Der sat Jesus og læresveinane. I halvsirkel framanfor altarbordet knelte nattverdsgjestene, som på den måten vart samla rundt Herrens bord saman med Jesus og læresveinane. Dei knelande nattverdsgjestene på framsida av altaret vart så å seie ei utvid-



Altertavla i Tresfjord kyrkje frå 1825-28, skoren av Iver Knutsen Åsgjerdet frå Hjelvika, for ei løn på tre tønner havre. Målinga skal vere gjort av svensken Levin, men dei to bileta meiner somme er eldre og tekne med frå den forrige kyrkja. Sidevegane vart skorne av Sjur på Ænhaua, Sjur Iversen Skjegstad, fordi dei opprinnelege var for små. Viktig for forståinga er at iallfall nattverdsgruppa nedst kjem frå den forrige kyrkja, krosskyrkja frå 1690.

ing av biletet på altertavla. Ved utdelinga av brødet og vinen gjekk ein ut av tid og rom, ein var 'i den åttande dagen', tida var oppheva. Jesus og læresveinane var ikkje lenger historie, dei var saman med nattverdsgjestene, alle var samla rundt nattverdsbordet i ein stor fellesskap. Det var ei oppleving av 'Samtidigheten med Christo', der nattverdsgjestane så såg opp etter å ha motteke Kristi lekam og Kristi blod, møtte augene først Jesu liding på krossen, og deretter Jesu triumf over døden og himmelfarten, eller ei løftande dåpsscene som i Tresfjord.

Utan å vere teolog, har eg ei kjensle av at dette samspelet

med altertavla i nattverden er noko som var teke med frå den katolske tida. Er ei slik oppleving av 'Samtidigheiden med Christo' for mykje av eit mysterium for moderne lutheranarar, eller miste vi noko etter kvart som nattverdsgruppene kom vekk frå foten av dei nye altertavlene? Det er nok ulike syn på det, ein kvar får oppleve og avgjere.

Martinus Løvik

Symbolikken i kordekorasjonane i Tresfjord kyrkje

I Romsdal Sogelag sitt Årsskrift 2019 er det ein artikkel om symbolikken i vegg- og takdekorasjonane i koret i Tresfjord kyrkje.

Kyrkjeverja sitt hjørne

Vi har no fått lagt opp trådløst nettverk på kyrkjekontoret. Det har vore etterlengta i lang tid. I tillegg til eigen bruk blir møterommet på kyrkjekontoret også brukt ein del av andre kristne lag og organisasjonar til styremøte etc. Dette vil vere til glede for mange.

Vestnes kyrkje har fått Steinway flygel frå Vestnes sokneråd. Dei har gjennom fleire år spart til dette, blant anna gjennom dei årlege basarane dei har arrangert på Vestheim. I sluttfasen fekk dei også pengegåver frå både privatpersonar og firma, noko vi er svært takksame for.

Det skjer mykje i arbeidet blant barn og unge i regi av kyrkja. Konfirmantane var i midten av februar på konfirmantweek-end i Trondheim. Etter tilbakemeldingane vi har fått, var det ei vellukka helg med mykje song, seminar og møte/gudstenester. Og ikkje minst er det viktig å vektlegge det sosiale aspektet med ein slik tur.

KRIK har hatt weekend i Sykkylven, med overnatting i Ikornnes kyrkje. Over 30 ungdomar var med, og det blei i tillegg til skigåing på Strandafjellet også høve til innadørsaktivitetar. Asle Klock har ei stødig og god hand i det arbeidet som KRIK driv.

Vågstranda skal over frå Rauma kommune til Vestnes kommune frå 1. januar 2021. Det vil også få konsekvensar for kyrkja i Vestnes. Vågstranda sokn blir då det femte soknet i kommunen. Det er ein del formalitetar og anna arbeid vi må gjere i forkant for at alt skal vere oppe å gå ved nyttårsskiftet.

Dei skal i alle fall vere svært velkomne til oss når den tid kjem.

Soknepresten i Tresfjord og Vike, Anders Barstad, sluttar i stillinga rett over påske. Han skal begynne som kapellan i Spjelkavik. Vi vil takke han for det arbeidet han har gjort hos oss, og ønske han lykke til i den nye jobben. Ellen Schjøtt er tilsett som ny sokneprest i Tresfjord og Vike, og vi ønsker henne varmt velkomen.

Olav Egil Tomren
kyrkjeverje

Kyrkjebasar og balldag

Det blir kyrkjebasar og balldag på Vestheim også i år. Set av torsdag 22. oktober alt no.



Ettermiddagskafé på Kyrkjestova i Tresfjord

Følgjande tysdagar frå kl.16.30 – 18.30
31. mars, 5. mai og 2. juni

Inga påmelding, her er det berre å møte opp!

Treng du skyss til ettermiddagskafé? Ring då til Silje Sylte på telefonnr.: 950 93 306. Ta kontakt i god tid så det kan samkøyrast på best muleg måte.

Omsorgstilbodet er eit samarbeid mellom Tresfjord Røde Kors og Tresfjord sokneråd.



Songkveld i Vestnes kyrkje i november 2019

Vestnes kyrkjelege fellelsråd inviterte sist haust til gratis songkveld i Vestnes kyrkje med songar og organist Gunnar Ajer frå Lunde i Telemark. Han er godt kjent i Telemark innan song og musikk og har jobba som organist i 16 år. Og no i november vikarierte han her i Vestnes som organist, då passa det bra å få til ein songkveld også. Etter velkomstord frå kyrkjevevje Olav Egil Tomren fekk om lag 50 personar oppleve ein variert og flott kveld. Gunnar Ajer presenterte seg sjølv med eige stev. Vi fekk høyre eigekomponerte songar, salmar, kjende songar frå bedehuset, country-låtar og religiøse folketonar. Songane vart fint knyttasaman med eigne opplevingar og info om songane. I tillegg song Johanne Kjerstad "Ingen er så trygg i fare" med Gunnar ved pianoet. Vi fekk vera med på fleire fellessongar der både piano og orgel vart teke i bruk. Etter ein appell/andakt ved Ellen Ajer var det tid for pause med kaffe og kake og det var høve til å kjøpe den siste CD-en som inneheld 18 songar, mange av desse fekk vi høyre "live" denne kvelden.

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør



Johanne Kjerstad syng med Gunnar Ajer ved pianoet.

Flott song av barnekor



Familegudstenesta 1. søndag i advent var denne gongen flytta frå Myra kulturhus til kyrkja. Det var diakon Ellen Edvardsen som hadde gudstenesta og barnekora frå Vestnes og Tomrefjord gledde kyrkjelyden med songen sin.

Vestnes-konfirmantar på Impuls 2020



31. januar – 2. februar reiste 62 konfirmantar, 4 foreldre, 2 prestar og ein lærar frå Vestnes til Trondheim på Impuls. Det er ein felleskyrkjeleg Jesus-sentrert ungdomsfestival. Vi budde på Charlottenlund barneskule, og resten gjekk føre seg i Charlottenlundhallen rett attmed. Vi fekk ei flott helg i lag med 340 andre ungdommar, spanande tale- og seminarprogram, aktivitetar, kafé, konsertar og konkurransar. Veldig flott og profesjonelt gjennomført, og lærerikt og kjekt å møte andre trussamfunn.

Tårnagent i Fiksdal 2020



Veldig kjekke, koselege og ikkje minst kunnskapsrike tårnagentar i Fiksdal



Tårnbygging er best for den som er øvst...



Det er kjekt å vere agent i kyrkja, synest Magnus André .

Nytt flygel i Vestnes kyrkje



Stolt sjauegjeng samla rundt det nyanskaffa flygelet i Vestnes kyrkje. Arild Hustad, Andrew Lange, Jostein Maude, Håvard Skrede og Ansgar Misund. Foto: Edmund Melkild, Bygdebladet

Fioretti – Solsongen og dei små blomane

Solsongen vert og kalla *Skapinga sin lovsong*. Den vart skriven av Frans av Assisi om lag 1225, heilt mot slutten av livet hans. Den heilage Frans døydde i 1226. Solsongen er det første nemneverdige diktet på italiensk, rett nok på ein folkeleg dialekt. Den avsluttar ei samling av korte legender og forteljingar frå livet til Frans, ei bok kalla Fioretti på italiensk. Det tyder småblomar, og boka var lenge den mest lesne boka i Italia. Den står i ei særstilling mellom oppbyggjelege skrifter i katolske land.

Den heilage Frans ga frå seg all rikdom og alt verdsleg gods. Livet og læra hans var gjennomsyra av kjærleik, audmjukheit, respekt for alt liv og det vi kan oppleve som naiv beundring av naturen og skaparverket. Frans tala til dyr og fuglar og dei kom og hørte på han, og han omtalta dyra og naturen som bror sin og søster si. Slik er han jo snart moderne att! Dette møter vi og i den vidgjetne Solsongen. I bokhylla mi står det mange alt for lite lesne skattar, og ein av dei er Fioretti. Solsongen er omsett til norsk fleire gonger, men for meg kan inga omsetting måle seg med den Eiliv Skard gjorde til 1930-utgåva av Fioretti. Det svært gamalmodige nynorske språket han her brukar, kler den gamle, enkle, nokon vil seie naive stilen perfekt. Dette er ein fuge av Bach, det er lyset som glimtar i diamanter,

det er sola over iskrystallar på vårsnøen. Bodskapen er for både kvardag og høgtid, den har ei enkel form som er rein og tidlaus.

Martinus Løvik

SOLSONGEN

*Allerhøgaste, allmektige, gode Herre,
di er æra, og lov og pris og all velsigning;
einast deg, du Allerhøgaste, høyrer dei til,
og inkje menneske er verdig å nemna deg.
Lova vere du Herre, med all din skapning,
og aller mest bror Sol, han skaper dag,
og du gjev ljøs ved honom.
Og han er fager og strålar med stor glans,
han er eit bilete av deg, den Høgaste.
Lova vere du, Herre, for syster Måne og Stjernone;
på himmelen hev du sett deim, klåre og kostelege og vene.
Lova vere du, Herre, for bror Vind,
og for lufti og skyene og klårt vêr og all slags vêr,
som du held uppe alle skapningane dine ved.*

Framhald neste side



Den heilage Frans av Assisi som talar til fuglane.
Veggmåleri av Giotto di Bondone i kyrkja San
Francesco i Assisi i Mellom-Italia. (Public domain)



Bokomslaget er teikna av Carsten Lien, som laga ein
serie bokbunader som no er klassiske

etter Frans av Assisi

*Lova vere du, Herre, for syster Vatn;
ho er mykje gagnleg, og audmjuk og dyrverdig og skir
Lova vere du, Herre, for bror Eld,
med honom lyser du upp i natti,
og han er fager og ljuv og sterk og veldig.
Lova vere du, Herre, for syster vår, moder Jord,
som held oss uppe og ber oss,
og ho gjev grøde av alle slag,
og blommar og gras med vene leter.
Lova vere du, Herre, for alle dei som tilgjev av kjærleik til deg,
og trøyter vanmakt og trengsle.
Sæle dei som i fred held ut til det siste,
for du, Allerhøgaste, skal gjeva deim livsens krune.
Lova vere du, Herre, for syster vår, den lekamlege Dauden,
som inkje menneske kann sleppa ifrå.
Usæle dei som døyr i daudesynd;
sæle dei som lever etter din heilage vilje,
for deim skal den andre dauden ikkje skada.
Love og prise Herren og takke honom,
og tene honom med stor audmykt.*

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Asbjørn Gisnås, Martinus Løvik,
Nina Kvernmo, Nils-Berge Sundfør og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til
stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet,
til å ta kontakt med redaksjonen.*

Vi er avhengige av gåver til drift og
distribusjon av Kyrkjebladet.

Kontonummer: 4056.20.62124

Kyrkjebladet har fått Vipps.

Vipsnummeret er: 511986

Det er mogleg å bestille bladet
for dei som bur utanfor kommunen.



Songkveld i Vestnes kyrkje onsdag 8. april kl.19.00.

Gunnar Ajer spelar orgel/ piano og syng. Vel møtt!

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

John Sylte, sokneprest

Telefon 71184234/ 91865064

E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232

E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjevevje

Telefon: 71184235/ 91629416

E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

Ellen Schiøtt, sokneprest

Telefon: 71184237/ 92046814

E-post: ellenschiott@hotmail.com

Ellen Edvardsen, diakon

Telefon: 71184236/ 97499175

E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar

Telefon: 71184238/ 41472908

E-post: ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kantor:

Telefon: 71184230/92226151

E-post: jostein.maunder@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Andrew Lange, kyrkjetenar: Telefon: 40548156

Nina Kvernmo, konfirmanlærar

Telefon: 95231698, E-post: nkvernmo@online.no

*

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

Nytt frå Vike sokneråd:

- Vike kyrkje er 50 år i år. Soknerådet planlegg jubileumsfeiring med gudsteneste og fest 1. søndag i advent, som var innviingsdagen i 1970. Det kan også bli konsert(ar) eller andre arrangement i samband med jubileet.
- Tresfjord sokneråd og Vike sokneråd har hatt felles møte med evaluering av trusopplæringsiltaka Tårn-agenthelg og Lys vaken. Dei to sokna samarbeider om desse arrangementa, og vil halde fram med det, med nokre endringar av opplegget.

Tankar etter ein dåp

Av Martinus Løvik

Etter ei fin gudsteneste med dåp i kyrkja i dag, sit eg att med eitt spørsmål og eitt sagn.

Spørsmålet gjeld setninga i dåpsliturgien *'Gud vara din utgang og din inngang'* – kva er meininga? Kva for ein utgang og inngang? Og kvifor utgang før inngang? Orda er gamaltestamentlege, henta frå Salme 21, vers 9: *Herren skal vara din utgang og din inngang frå no og til evig tid.*

Ei tolking kunne vere den breie tydinga, om lag som *'Gud ta vare på deg gjennom alle livets omskiftelege tider, der du jamt kjem til å gå ut av ein situasjon og inn i ein annan, på mange av livets område'*. Denne tolkinga er lett å forstå.

Ei anna, smalare tolking ville vere den djupare, gamle teologiske oppfatninga at ved dåpen døyrr det verdslege mennesket og står opp att med Kristus til eit nytt liv. Dette byggjer mellom anna på Paulus' brev til kolossarane 2,12 *'då de vart gravlagde med han i dåpen; der vart de og oppreiste med han ved trui på Guds kraft, han som reiste han upp frå dei daude.'* På vanleg språk ville dette bli om lag *'må Gud ta vare på deg når du no ved dåpen går ut av det verdslege livet og inn i eit liv med Kristus, frå no og til evig tid'*.

Den siste tolkinga, at dåpen inneber ein symbolsk død og ei atteroppstode, har støtte i den svært vanlege utforminga av døypefonten som ein åttekant – det gamle symbolet for atteroppstode og evig liv hos kristne og eit symbol for paradiset hos muslimane. Og det var ikkje tilfeldig at Heilag-Olav sitt skrin i domkyrkja i Nidaros vart sett i ein oktagon – ein åttekant der hovedaltaret i Nidarosdomen framleis er. Døds- og gjenoppståings-symbolikken i dåpen er ein solid gammal tradisjon.

Svaret på spørsmålet mitt er gjerne då at setninga *'Gud vara din utgang og din inngang'* er symbolspråk, som kan ha fleire tolkingar som alle er rette. Det gamle symbolspråket var fleirdimensjonalt, medan vi moderne menneske berre har lært oss å tenkje todimensjonalt og flatt som papiret. Dette vert vi utfordra på i kyrkja.

Sagnet er det verre med. Det eg hugsar frå 'gamle dagar' då prost Odd Hellebust døypte eldste dotter vår, er setninga *'Eg teiknar deg med det heilage krossmerket på panna di og på bringa di'*. Utan å ha sjekka i bøkene, trur eg ikkje at dette minnet berre er ein vakker draum. I dagens liturgi vert det sagt *'Eg teiknar deg med det heilage krossmerket til vitnemål'* -, men i dagens funkis-stil-tekst er noko svært vesentleg blitt borte, panna og bringa. Panna og bringa, tanken og hjartet, forstanden og kjærleiken, var ein atterklang frå den gamle latinske messa - *'Accipe signum Crucis tam in fronte, quam in corde (eller: in pectore)'* – *'ta mot krossteiknet på panna di og i hjartet (i brystet) ditt'*. Ein kan nok tru både med forstanden og med hjartet, som det her vert bede om. Men om det å tru

med forstanden og tanken kan vere vanskeleg, kan det å tru med hjartet stundom vere lettare. Ved å ta vekk panna og bringa har den moderne liturgien kasta over bord noko svært vesentleg slik eg kjenner det, - ein kan bli katolikk av mindre! Utan at eg er der.

I. Gud vare din utgang og din inngang frå no til evig tid. Eg teiknar deg med det heilage krossmerket ✠ til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.



Det åttekanta dåpsbassenget (for vaksne) i midten av golvet i det vakre åttekanta dåpskapellet frå om lag år 1200 ved domkyrkja i Parma, Nord-Italia. Første dåpen her fann stad påskeaftan 1216. Diameteren er om lag tre meter, djupna omlag 1 meter. Presten eller prestane kunne stå tørrskodde i det om lag 1,5 meter vide 'firkloverbladet' i midten. Bassenget er hogd ut av ei enkelt blokk rosa marmor frå Verona. Barna og truleg også vaksne enkeltpersonar vart døypte i ein mindre døypefont som me ser i bakgrunnen ned til venstre.

Bilete: Martinus Løvik

Konfirmantar i Vestnes våren 2020

Vestnes kyrkje

laurdag 09. mai kl. 11.00

Tomrefjord-konfirmantar

Markus Granbo Birkelund
Sofia Nerås Eide
Malin Sofie Frostad Engvik
Benjamin Møller Frostad
Solveig Grønningsæter
Vetle Sørøy Johannessen
Mariel Knotten
Emil Rademacher Krogseter
Nora Synøve Bårdsnes Langstein
Vanessa Langstein-Slutås
Rolf Marius Lervik
Malene Lundgren Lundgren
Jonathan Lyngvær
Eileen Lyngvær
Andrea Lyngvær
Leon-André Skogvoll Sanden
Matheus Nakken Spoiala
David Johan Wiik

Vike kyrkje

Kr.h.f.dag 21. mai kl. 11.00

Stine Løvik Legernes
Leo Villa Krogseth
Andreas Leikarnes Villa
Andrea Øvregård Strand

Vestnes kyrkje

Kr.h.f.dag 21. mai kl. 11.00

Helland-konfirmantar

Johannes Aas
Mathias Aas-Strømsnes
Camilla Blom-Malin
Kasper Eilertsen
Daniel Falch
Lisa Nerås Karlsen
Kaia Lovise Stokkeland Kleiven
Jessica Larsen
Martine Vold Nielsen
Sindre You Nilsen
Renate Lervik Nyheim
Mathilde Kvithaug Stokkeland
Heine Andre Sæter Vike
Kristine Linnea Ødegård

Vestnes kyrkje

laurdag 23. mai kl. 11.00

Helland-konfirmantar

Anna Helene Aas
Ingvild Hollingsæter Alvsåker
Julia Frisk Azour
Olav Dalhaug
Benjamin Jarl Emaus
Carlos Felipe Gonzalez
David Leander Skjegstad Hauglid
Mikael Helseth Horsgård

Amilie Ødegård Knutsen

Andrea Malme

Kaisa Henriksen Pedersen

Guste Paulina Razickaite

Johanna Lund Salthammer

Maja Solskjær

Celin Sommerset

Natalie Stokkeland

Max Stokkeland

Noah Alexander Furland Sylte

Magnus Skorgen Søråas

Angelica Tomren

Sunniva Alida Åkre

Fiksdal kyrkje

søndag 31. mai kl. 13.00

Ingvild Therese Berghheim

David Ringsby

Tresfjord kyrkje

laurdag 06. juni kl. 10.30

Sigrid Rypdal Gjøl

Martin Gjermundnes Gjøl

Jonas Gjermundnes Gjøl

Amalie Bjermeland Hjelvik

Dina Stinesdatter Raknem Skjegstad

Anna Maria Sylte

Eva Kjellevoid Øverås

Auka merksemd for Tresfjord-antemensalet

Sidan februar representerer Maria-antemensalet i Tresfjord kyrkje dei norske antemensala under oppslagsordet antemensale i den populære og svært mykje brukte nettversjonen av Store norske leksikon. Vil du sjå det, google snl eller skriv snl.no i søkjefeltet på nettlesaren, skriv så antemensale i leksikonet sitt søkjefelt. Klikk så på Hele

artikkelen dersom du får opp starten på fleire artiklar. Klikkar du så på antemensale-biletet med høgre musetast og vel Åpne i ny fane, får du det i fullskjermformat og kan studere detaljane. Og det er verdt det! *Martinus Løvik*



Konsert Vestnes kyrkje

Fredag 26.06. blir det konsert med TrondheimSolistene arrangert av Musikkens venner Tomrefjord. Det vil blant anna bli innslag frå songaren Elias Akselsen, trekkspelfenomenet og multimusikaren Stian Carstensen og fiolinvirtuosen Ola Kvernberg. Velkomne!



Konsert i Vestnes kyrkje tysdag 28. april kl. 18.00



Vestnes kulturskule inviterer til stemningsfull vårkonsert. Det blir innslag frå fleire instrumentgrupper. Pianoelevane gler seg kanskje aller mest til å spele på det nye instrumentet. Gratis inngang. Velkommen!

Sunnmøre kristelege mannskor i Fiksdal kyrkje



Dessverre avlyst pga. Corona-viruset

Skjærtorsdag kl 1600 får Fiksdal besøk av Sunnmøre kristelege mannskor. Det tradisjonsrike koret er inne i sitt åttiåttande år. Dei har med rette fått namnet «påsketoret», for det er i påska dei er mest i aktivitet, med påskobodskapen i ord og tonar. Koret har for tida 25-30 godt vaksne rutinerde songarar frå heile Sunnmøre. Dei brukar

tre dagar i påskeveka til å synge evangeliet. Onsdagen trimmar dei koret, og skjærtorsdag og langfredag syng dei i til saman 6 kyrkjer/samlings-hus. Dirigentar er Svein Eiksund og Lidvar Grimstad. Meir om historia til koret på Facebook!

Mannskoret Sunnmøre kjem til Vestnes kyrkje søndag 19. april

Operasongaren Magne Fremmerlid skipa våren 2018 Mannskoret Sunnmøre. Han hadde lenge hatt eit ynskje om å samle nokre av dei beste mannlege songarane frå Sunnmøre for å framføre songar frå den rike mannskortradisjonen i vårt distrikt. Ikkje minst var det komponisten Johan H. Grimstad som skulle stå i fokus. Magne Fremmerlid song sjølv i Sunnmøre Kristelege Mannskor med Johan H. Grimstad som dirigent i sin ungdom. Dette sette djupe spor, og har inspirert til startinga av dette koret. Dette er eit prosjektkor med songarar frå mange ulike kor, busett i ulike delar av landet. Her er det songarar i alder 16 - 87 år. Meir enn 60 mann meldte seg til teneste den fyrste helga i april 2018. Koret song då konsertar for fullsette kyrkjer i Spjelkavik og i Volda. No er det klart for ei ny samling, og denne gongen er det naturleg å la romsdalingane få oppleve sunnmørsk mannskorsong av beste merke. (Vi har fleire flotte romsdalingar med i koret). Komponist, arrangør og pianist Odd Johan Over-

øyre er også denne gongen med som akkompagnatør for kor og solist. Operasongaren Magne Fremmerlid har vore fast tilknytta solistensemblet ved Den Norske Opera og Ballett i 20 år. Her har han gjort meir enn 70 forskjellige operaroller. Han er no freelancesongar, og er dirigent og solist for koret. Vi kan love ein konsert med flott mannskorsong frå ulike sjangerar.

Med eit mannskor på over 60 mann vil vi by på trøkk, intensitet og innleving!



Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døypte:

25.12 Rolf Kristian Rekdal
25.12 Viviana Bruczo
09.02 Sofie Røv Lenning
09.02 Emilie Røv Lenning
09.02 David Liam Tennøy Langstein
09.02 Leah Isabel Tennøy Langstein
09.02 Ella Furland
09.02 Angelica Ballon Frostad

Døde:

22.11 Helga Tomren
13.12 Marta Hustad
03.01 Per Norvald Svinnsseth
06.01 Anne Marie Førde
28.01 Oddmund Nerhus
21.02 Unni Lisbeth Roald
13.03 Elsa Bergljot Vestnes
15.03 Ola Bodvar Lid

Tresfjord kyrkje

Døypte:

26.12 Eva Salomonsen Kjellbotn
26.12 Theodor Flatset-Skrove
19.01 Laurits Mjøs Villa
16.02 Astrid Rypdal
16.02 Tiril Marie Nerbø Sande

Døde:

21.01 Irene Øvstedal
05.02 Monica Sylte

Vike kyrkje

Døypte:

26.01 Filippa Bratshaug Skare
15.03 Silas Valentin Kildal Uri
(døyp i Skodje kyrkje)

Fiksdal kyrkje

Døypte:

02.02 Melvin Lou Blom
02.02 Wilhelm Helgeland Krogstad

Døde:

25.12 Rolf Gjelsten
13.02 Marit Løviknes



Gudstenester i Vestnes

(det kan bli endringer på grunn av Coronaviruset, følg med på www.vestnes.kyrkja.no)

05. april Palmesøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste. Nattverd.
Kyrjekaffi. Takkoffer til
IKO kirkelig ped. senter.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til
diakoniarbeidet i soknet.

09. april Skjærtorsdag

Tomresetra Varmestua kl. 12.00
Sportsandakt. Kyrjekaffi.
Takkoffer til Blå Kors i Norge.

Tresfjord trygdeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

Vike kyrkje kl. 18.00

Nattverdsgudsteneste.
Måltidsfellesskap.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

10. april Langfredag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Langfredagsgudsteneste.
Takkoffer til Areopagos.

Vestnes sjukeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

12. april Påskedag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Israelsmisjonen.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Etiopia.

13. april 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Kyrkjestova.

21. april tysdag

Vestnes kyrkje kl. 09.00
Morgonmesse med nattverd.

26. april 3. s. i påsketida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Økumenisk gudsteneste.
Takkoffer til Misjonskirken.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Folketonemesse. Sjømannsprest
frå sjømannskyrkja.
Takkoffer til Sjømannskyrkja.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med trøkk. Kyrjekaffi.
Takkoffer til KFUK-KFUM Møre og
Romsdal.

29. april onsdag

Tomrefjord kristne
forsamlingshus kl. 18.00
Ung Messe. Tomrefjord og Fiksdal-
konfirmentar. Nattverd. Takkoffer til
eige konfirmentarbeid.

06. mai Onsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.30
Ung Messe. Vestnes-konfirmentar.
Nattverd. Takkoffer til eige
konfirmentarbeid.

framhald side 16

framhald frå side 15 **Gudstenester i Vestnes**

09. mai Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste for
Tomrefjordkonfirmantane.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 13.00
Dåpsgudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

13. mai onsdag

Tresfjord kyrkje kl. 18.30
Ung Messe. Tresfjord- og
Vikekonfirmantar. Nattverd.
Takkoffer til Kyrkjestova.

17. mai Grunnlovsdagen

Fiksdal kyrkje kl. 10.00
Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til Laget NKSS.

Tresfjord kyrkje kl. 10.30
Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 11.45
Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

Vike kyrkje kl. 12.00
Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

21. mai Kristi himmelfartsdag

Vike kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste for
Vestneskonfirmantane gr. 1.
Takkoffer til Maritastiftelsen

Vestnes kyrkje kl. 13.00
Gudsteneste med dåp.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

23. mai Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste for
Vestneskonfirmantane gr. 2.
Takkoffer til Kirkelig ressurscenter
mot vold og seksuelle overgrep.

31. mai Pinsedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Kyrjekaffi. Takkoffer til
MF vitenskapelig høyskole.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00
Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer eigen kyrkjelyd.

01. juni 2. pinsedag

Tresfjord kyrkje kl. 18.00
Pinsesang. Takkoffer til Misjons-
prosjekt i Mali.

06. juni Laurdag

Tresfjord kyrkje kl. 10.30
Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

07. juni Treeiningssøndag

Korsstøneset, Vike kl. 13.00
Gudstenestevandring.
Takkoffer til Åkerlehaugen.

14. juni 2. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til kyrkjelydshuset.

16. juni Tirsdag

Vestnes kyrkje kl. 09.00
Morgonmesse med nattverd

21. juni 3. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje, kl. 11.00
Ordinasjonsgudstjeneste for Ellen
Schiøtt (kan bli flyttet til Molde
domkirke). Kyrjekaffi. Takkoffer til
For livsrett og menneskeverd-FLM.

28. juni 4. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

05. juli 5. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til KRIK Vestnes.

Stall Kjersem kl. 16.00
Skaparverkets dag. Nattverd.
Kyrjekaffi. Takkoffer til Amatea.

12. juli Aposteldagen

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd. Takkoffer
til Kirkens Fengselsarbeid.

26. juli 8. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Takkoffer til Kyrkjebladet.

29. juli Olsok

Tresfjord kyrkje kl. 17.00
Olsokgudsteneste.
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

02. august 9. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd. Kyrjekaffi.
Takkoffer til Evangeliesenteret.

09. august 10. s. i treeiningstida

Øygardsbukta, Rekdal kl. 12.00
Friluftsgudsteneste. Nattverd.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

23. august 12. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Konfirmant-presentasjon.
Takkoffer til Kyrkjestova.

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Nattverd.
Konfirmantpresentasjon.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 13.00
Høgmesse. Nattverd.
Konfirmantpresentasjon.
Takkoffer til KRIK Vestnes.

30. august. 13. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Gudsteneste med Trøkk.
Presentasjon av Tomrefjord- og
Vestneskonfirmantane. Kyrjekaffi.
Takkoffer til Everlasting Life Mission.

06.sept. Vingardssøndag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Hausttakkefest. Utdeling til
4-åringar. Takkoffer til IKO
kirkelig pedagogisk senter.

13. sept. 15. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00
Hausttakkefest. Utdeling til
4-åringar. Takkoffer til Søndagsskolen
Romsdal krets.